

Møteprotokoll for Kommunestyret

Møtedato: 23.05.2019
Møtestad: Nordhordlandshallen, kantina
Møtetid: 12:00 - 16:00

Orientering om Nordhordlandspakken og takstar for El-bilar v/Prosjektleder og rådmann

Frammøtte medlemmer	Parti	Rolle
Nina Bognøy	AP	Varaordfører
Dag Hugaas	AP	Medlem
Hogne Brunborg	AP	Medlem
Leidulv Brunborg	AP	Medlem
Bjarte Vatnøy	FRP tom sak 34/19	Medlem
Nina Stabell Øvreås	FRP	Medlem
Andreas Dyngen	Uavh	Medlem
Gro Anita Høgquist	H	Medlem
Øystein Reidar Moldeklev	FRP	Medlem
Karl Vågstøl	H	Medlem
Ingrid J.Fjeldsbø	H	Medlem
Olav Magnus Steinsland	H	Medlem
Asle Hetlebakke	KRF	Medlem
Odd Leif Mjøs	KRF	Medlem
Bent Risøy	KRF	Medlem
Vetlemøy Wergeland	KRF møtte etter sak 27/19	Medlem
Sæbjørg Hageberg Kjekka	KRF møtte etter sak 27/19	Medlem
Malin Helene Knudsen	KRF	Medlem
Anne Karin Angelskår Eknes	KRF	Medlem
Anna K.Valle	SP	Medlem
Jarle Vassdal	SP	Medlem
Ingeborg Myksvoll	SP	Medlem
Jørgen Herland	SP	Medlem
Sveinung Toft	V	Medlem
Leif Erik Gullanger	SV	Medlem

Forfall meldt frå medlem:	Parti	Rolle
Ståle Juvik Hauge	AP	Medlem
Tove Linnea Brandvik	AP	Medlem
May Eva Sandvik	H	Medlem

Astrid Aarhus Byrknes	KRF	Ordfører
Leif Hosøy Sleire	KRF	Medlem
Anita Bakken	MDG	Medlem

Frammøtte varamedlemmer:	Parti	Erstatter medlem
Egil Magnar Eidsnes	KRF	Leif Hosøy Sleire
Mette Marei Træland	AP	Tove Linnea Brandvik
Espen Foseid Aakre	AP	Ståle Juvik Hauge
Henning Fyllingsnes	H	May Eva Sandvik
Olav Myhr	KRF	Astrid Aarhus Byrknes
Trude Hosøy Andersen	MDG	Anita Bakken

Følgjande frå administrasjonen møtte:

Tove Mette Arnø Fyllingen, Ørjan Raknes Forthun

Sakliste

Saknr	Tittel
027/19	Godkjenning av innkalling og sakliste
028/19	Godkjenning av møteprotokoll
029/19	Melding/orientering frå kontrollutvalet 24.04.2019
030/19	Årsrekneskap 2018
031/19	Årsmelding 2018
032/19	Finansrapport 2018
033/19	Utviding av IKT Nordhordland kommunalt oppgåvefelleskap
034/19	Melding/orientering til kommunestyret 23.05.2019

027/19: Godkjenning av innkalling og saksliste

Innkalling og saksliste vert godkjent

23.05.2019 KOMMUNESTYRET

Varaordfører Nina Bognøy leia møte då ordførar ikkje var tilstades.
Det vart vald settje-ordførar i møte, framlegg om Asle Hetlebakke KRF, framlegget vart samrøystes vedteke.

Det er 2 interpellasjonar og 1 spørsmål i møtet.
Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

KO - 027/19 VEDTAK/INNSTILLING/UTTALE:

Asle Hetlebakke er vald til settje-varaordfører.
Innkalling og saksliste er godkjent

028/19: Godkjenning av møteprotokoll

Møteprotokollen vert godkjent

23.05.2019 KOMMUNESTYRET

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

KO - 028/19 VEDTAK/INNSTILLING/UTTALE:

Møteprotokollen er godkjent

029/19: Melding/orientering frå kontrollutvalet 24.04.2019

Kontrollutvalet sitt framlegg til vedtak

Meldinga vert teke til orientering.

23.05.2019 KOMMUNESTYRET

Kontrollutvalet sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

KO - 029/19 VEDTAK/INNSTILLING/UTTALE:

Meldinga er teke til orientering.

030/19: Årsrekneskap 2018

Rådmannen sitt framlegg til vedtak

1. Kommunestyret godkjenner Lindås kommune sin årsrekneskap for 2018
-

16.05.2019 FORMANNSKAPET

Økonomisjef Janne Sund orienterte.
Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

FO - 038/19 VEDTAK/INNSTILLING/UTTALE:

1. Kommunestyret godkjenner Lindås kommune sin årsrekneskap for 2018
-

23.05.2019 KOMMUNESTYRET

Rådmann Ørjan Raknes Forthun orienterte.
Innstillinga frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

KO - 030/19 VEDTAK/INNSTILLING/UTTALE:

1. Kommunestyret godkjenner Lindås kommune sin årsrekneskap for 2018
-
-

031/19: Årsmelding 2018

Rådmannen sitt framlegg til vedtak

1. Kommunestyret tek årsmeldinga for 2018 til orientering
-

16.05.2019 FORMANNSKAPET

Økonomisjef Janne Sund orienterte.
Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

FO - 039/19 VEDTAK/INNSTILLING/UTTALE:

1. Kommunestyret tek årsmeldinga for 2018 til orientering
-

23.05.2019 KOMMUNESTYRET

Rådmann Ørjan Raknes Forthun orienterte.
Innstillinga frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

KO - 031/19 VEDTAK/INNSTILLING/UTTALE:

1. Kommunestyret tek årsmeldinga for 2018 til orientering
-
-

032/19: Finansrapport 2018

Rådmannen sitt framlegg til vedtak

1. Kommunestyret tek finansrapport for 2018 til orientering
-

16.05.2019 FORMANNSKAPET

Økonomisjef Janne Sund orienterte.
Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

FO - 040/19 VEDTAK/INNSTILLING/UTTALE:

1. Kommunestyret tek finansrapport for 2018 til orientering

.....

23.05.2019 KOMMUNESTYRET

Orientering ved rådmann Ørjan Raknes Forthun.
Innstillinga frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

KO - 032/19 VEDTAK/INNSTILLING/UTTALE:

1. Kommunestyret tek finansrapport for 2018 til orientering

.....

033/19: Utviding av IKT Nordhordland kommunalt oppgåvefelleskap

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

1. Lindås kommune vedtar at **IKT Nordhordland kommunalt oppgåvefelleskap** vert utvida med kommunane Austevoll, Gulen og Samnanger.
2. Lindås kommune vedtar samarbeidsavtalen for **IKT Nordhordland kommunalt oppgåvefelleskap** slik den ligg føre.

.....

16.05.2019 FORMANNSKAPET

Det var 10 medlemmar tilstade i denne saka.
Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

FO - 041/19 VEDTAK/INNSTILLING/UTTALE:

1. Lindås kommune vedtar at **IKT Nordhordland kommunalt oppgåvefelleskap** vert utvida med kommunane Austevoll, Gulen og Samnanger.
 2. Lindås kommune vedtar samarbeidsavtalen for **IKT Nordhordland kommunalt oppgåvefelleskap** slik den ligg føre.
-

23.05.2019 KOMMUNESTYRET

Innstillinga frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

KO - 033/19 VEDTAK/INNSTILLING/UTTALE:

1. Lindås kommune vedtar at **IKT Nordhordland kommunalt oppgåvefelleskap** vert utvida med kommunane Austevoll, Gulen og Samnanger.
 2. Lindås kommune vedtar samarbeidsavtalen for **IKT Nordhordland kommunalt oppgåvefelleskap** slik den ligg føre.
-

034/19: Melding/orientering til kommunestyret 23.05.2019

Rådmannen sitt framlegg til vedtak

Meldinga vert teke til orientering.

.....

23.05.2019 KOMMUNESTYRET

- Status – Alver kommune ved rådmann/programansvarleg Ørjan Raknes Forthun
- Utbygging av breidband og fiber ved rådgjevar Ole Jakob Aarland
- Utvikling i Knarvik inkl.eigedomsprosessar ved rådmann Ørjan Raknes Forthun
- Protokoll ordinær generalforsamling BKK AS 30.04.2019 (sjå vedlegg)

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

KO - 034/19 VEDTAK/INNSTILLING/UTTALE:

Meldinga er teke til orientering.

Interpellasjon Lindås Høgre v/Ingrid Fjeldsbø:

Gjennom siste året ser vi at det har vore gjort tilsettingar på leiarnivåa i kommunen. Omstillingsavtalen er lagt til grunn for innplassering i kommunalsjef-, tenesteleiar- og avdelingsleiarnivå.

I omstillingsavtalen er følgjande lagt til grunn:

Tilvisinga skjer på bakgrunn av følgjande prioriterte vurderingsmoment:

1. Kompetanse; både formell og erfaringsbasert kompetanse
2. Personleg eigna/skikka for stillinga
3. Tenesteansiennitet, samla i kommunane

Som politikar ser eg at delar av nøkkelpersonellet sluttar av ulike grunnar. Og ein kan tidvis vera uroleg for kan plan rådmannen har for å sikre kompetanse slik at organisasjonen er rigga for å møte utfordringane i samanslåinga og framtida.

Eg ønskjer difor svar på:

1. Kjenner rådmannen til innplasseringar der ein har sett omstillingsavtalen til side?
2. Korleis sikrar ein at ein alltid tilset den som er best kvalifisert for stillinga, jfr Kvalifikasjonsprogrammet?
3. Kva plan har rådmannen for å sikre god nok kompetanse for å ruste heile organisasjonen til å gje gode tenester til alle innbyggjarane?
4. Korleis vil rådmannen vedlikehalde og sikre at leiarar og tilsette får vedlikehalde og har oppgradert kompetansen i tråd med utviklinga i kommune og samfunn?

Svar frå ordførar:

1. Kjenner rådmannen til innplasseringar der ein har sett omstillingsavtalen til side?
Nei.
2. Korleis sikrar ein at ein alltid tilset den som er best kvalifisert for stillinga, jfr Kvalifikasjonsprogrammet?
 - **Omstillingsavtalen ligg til grunn for arbeidet med innplassering.**
 - **Det er utarbeidet rutinar for gjennomføring.**
 - **Tillitsvalde deltek i prosessen.**
 - **Visindi er brukt i alle innplasseringar for rådmann, ass. rådmenn, kommunalsjefar og tenesteleiarar. Dei er også bruk for innplassering i nokre avdelingsleiarstillingar.**
3. Kva plan har rådmannen for å sikre god nok kompetanse for å ruste heile organisasjonen til å gje gode tenester til alle innbyggjarane?
Dette blir det arbeidet med innan for rammene av organisasjonsprosjektet for HR og utvikling.
4. Korleis vil rådmannen vedlikehalde og sikre at leiarar og tilsette får vedlikehalde og har oppgradert kompetansen i tråd med utviklinga i kommune og samfunn?
Dette blir det arbeidet med innan for rammene av organisasjonsprosjektet for HR og utvikling.

Interpellasjon Lindås Høgre v/Karl Vågstøl:

Byrådet i Bergen med AP, KrF og V har gått inn for å flytta bomstasjoner fra Åsane til Nordhordlandsbrua. Det betyr at Bergen i tilfelle kjem til å senda ein betydelig del av rekninga for kollektivsatsinga si til Nordhordland.

Da kommunane i Nordhordland allereie har vedtatt ein bompakke, Nordhordlandspakken, risikerer vi no å få to bomstasjoner som ikkje «kommuniserer» med kvarandre ved Nordhordlandsbrua, jamfør timesregelen. Innbyggjarane i Nordhordland risikerer altså å måtta betala i to bomstasjonar for å kryssa brua.

Det fremgår av kommunikasjon en fra byrådet i Bergen at dei er samd med Hordaland Fylkeskommune om flytting av bomstasjoner til Nordhordlandsbrua. Det fremgår imidlertid ikkje korleis fylket har behandla dette. Er det administrativt behandla? Er det forankra politisk?

Bergensområdet er ein felles bu- og arbeidsregion. Folk pendlar fra Nordhordland til Bergen og fra Bergen til Nordhordland for å dra på jobb. Dei forslag til endringar som byrådet har lagt fram skaper store utfordringer både for enkeltpersonar og for næringsverksemd.

Om Bergen skulle få gjennomslag for å flytta bomstasjoner fra Åsane til Nordhordlandsbrua set det innbyggjarane våre i ein uakseptabel situasjon med tanke på Nordhordlandspakken som er på trappene. I så tilfelle er det derfor nødvendig å stoppa opp, ta eit steg tilbake og sjå på Nordhordlandspakken på nytt i eit stølTe perspektiv.

Spørsmål:

1. Foreligg der opplysninger om kva handsaming som har vore i Hordaland Fylkeskommune mht. flytting av bomstasjoner fra Åsane til Nordhordlandsbrua?
1. Kva initiativ er tatt og vil bli tatt inn mot byrådet og bystyret i Bergen for å få endra innstillinga om å flytta bomstasjoner frå Åsane til Nordhordlandsbrua?
3. Eit vedtak om å flytta bomstasjoner fra Åsane til Nordhordlandsbrua må godkjennast av Hordaland Fylkesting. K.va initiativ er tatt og vil bli tatt for å få Fylkestinget til å ikkje godkjenna dette?

Lindås Høgre fremmar følgjande forslag til vedtak:

Lindås kommunestyre oppmodar Statens vegvesen om å stansa arbeidet med å etablera dei nye bomstasjonane i Nordhordlandspakken til byrådet i Bergen sitt framlegg om å etablera bomstasjon ved Nordhordlandsbrua er avklara.

Dersom byrådet sitt framlegg blir vedteke i Bergen bystyre og i Hordaland fylkesting må det etablerast ordningar som samordnar bompeng einnkrevjinga i Bergensområdet.

Framlegg oversending til formannskapet jf.politisk styringsstruktur, framlegget vart samrøystes vedteke.

(Interpellasjonen vert sendt til administrasjon med bestilling om sak i formannskapet.)

Svar frå ordførar:

1. Forelegg der opplysninger om kva handsaming som har vore i Hordaland Fylkeskommune mht. flytting av bomstasjonar frå Åsane til Nordhordlandsbrua?

SVAR: Meg bekjent så har det ikkje vore noko handsaming i Hordaland fylkeskommune ved fylkestinget vedk flytting av bomstasjonar frå Åsane til Klauaneset (Nordhordlandsbrua)

1. Kva initiativ er tatt og vil bli tatt inn mot byrådet og bystyret i Bergen for å få endra innstillinga om å flytta bomstasjonar frå Åsane til Nordhordlandsbrua?

SVAR: Regionrådet ved leiar Karstein Totland, ordførar Jon Askeland, ordførar Øyvind Oddekalv og ordførar Astrid Aarhus Byrknes var invitert til eit dialogmøte i Bergen kommune ved byrådsleiar. I møtet deltok også politisk leiding i Hordaland fylkeskommune. Møtet drøfta vedtaket til byrådet, og kommunane i Nordhordland ved leiar i regionrådet var tydeleg på at dette var krevjande og at vi ikkje synes noko om denne endringa som er foreslått. Det blei drøfta ei snarleg realisering av Nordhordlandstunnellen ved at planarbeidet ikkje må ha noko stans, men gå fortløpande no, og byrådet tok opp at Bergen sitt innspel til NTP var å forsera ringveg aust med oppstart av traseen Klauaneset – Vpgsbotn og at Bergen vil prioritere dette. Ordførar i Lindås var tydeleg og formidla dei innspela som formannskapet hadde i sitt møte 16.5 til ordførar og dette møtet. Eg nevner nokre argument som formannskapet hadde og som eg tok med inn i møtet :

- Alle bommane i Nordhordland har same dilemma som i Åsane
- Bom på Klauaneset umuleggjer bom på vår side av brua
- Pakkane – Bergensprogrammet og Nordhordlandspakken må samordnast
- Nytteprinsippet på bommen i Klauaneset som drøftast
- Ein Nordhordlandstunell må ha øyremerkta midler frå bom på Klauaneset
- Der må finnast ei tverrpolitisk løysing
- Lindås kommune forventer at Hordaland fylkeskommune ber om uttale før saka event skal opp i fylkestinget

Møtet hadde ingen konklusjoner og heller ingen løysing.

3. Eit vedtak om å flytta bomstasjonar frå Åsane til Nordhordlandsbrua må godkjennast av Hordaland Fylkesting. K.va initiativ er tatt og vil bli tatt for å få Fylkestinget til å ikkje godkjenna dette?

SVAR: dette vil vere eit politisk spørsmål som dei ulike partiene i fylkestinget må ta stilling til dersom det kjem opp ei sak om endringar i Bergensprogrammet. Ordførar i Lindås kan ikkje påverke sakslista til fylkestinget – det er fylkesordførar som til ei kvar tid avgjer kva saker som skal opp til handsaming, eller eit fleirtall av politikarane i fylkestinget som ber om saker blir satt på dagsorden. Kjem saka opp, må den einskilde representant sjølv ta stilling til kva dei meiner.

Spørsmål frå Olav Steinsland - Lindås Høgre:

Lindås kommune digitaliserer utsending av faktura

Lindås kommune har gjennom alle år punktlig sendt ut faktura via posten for kommunale tjenester, halvårlig. Plutselig for 1.halvår 2019 dukker fakturaen opp som inkassovarsel 2.mai med trusler om tvangsinndragning og det som verre er, uten forutgående varsel om endring. Parallelt med dette kommer papirfaktura fra NGIR med forfall 01.04.19. som ble betalt ihht dette. Der står det, denne faktura er utsendt på vegne av Lindås kommune.

Etter gjennomgang av Lindås kommune sin hjemmeside, så finner en der meldingen «Lindås kommune digitaliserer utsending av faktura», publisert 21.01.19

Hva som har stått i fulldistribusjon gjennom lokalmedia kan ikke finnes på dette stadie.

Sammen med inkassovarslet følger en info, hvor det bl.a står. »Vi har forsøkt å sende deg en faktura, og ifølge våre opplysninger er faktura på vedlagte varsel blitt sendt som ...» med 5 elektroniske plattformer og en manuell som mulighet. Med helsing Lindås, Meland og Radøy løns- og rekneskapskontor.

Med direkte kontakt med nevnte kontor, så var frustrasjonen her høy. De hadde fått mange klager og var usikre på hva som skulle svares.

Spørsmål

1. Hvilke vurderinger gjøres administrativt i forkant av endringer som her er foretatt uten tilsynelatende direkte varsler til berørte innbyggere?
2. Var info som nevnt foran fra Lindås, Meland og Radøy **sendt** ut til brukerne før endringene trådte i kraft?
3. Har Lindås kommune et tall som viser hvor mange av innbyggerne som aktivt bruker hjemmesiden til endringer som i dette tilfelle?
4. Har Lindås kommune et tilsvarende tall etter fulldistribusjon via lokale media?
5. Forventer Lindås/Alver kommune at 100% av innbyggerne skal være digitalisert på nåværende tidspunkt?

Rådmann Ørjan Raknes Forthun svarte munnleg, skriftleg svar vert levert i neste møte.
